



## Gode Lionsvenner

### Månadsbrev august 2020

#### Klar ferdig gå...

Då håpar og trur eg at dei fleste klubbane er komne i gang med det nye Lionsåret og at medlemmane er klar til å fortsetja det gode arbeidet slik at me kan halda fram med å gjera ein forskjell for dei som treng det. Dei er mange, både her heime og ikkje minst ute i verda. Ha gjerne klubbmøte, men hugs på FHI sine smittevernsreglar. Det er lett å gløyma seg når me treff igjen kjære og kjente som me ikkje har sett på lenge. Me må også ha respekt for at det er medlemmer som ikkje vågar seg på klubbmøte av helsemessige årsaker. Desse må ikkje klubbane gløyma men finna passande oppgåver og aktivitetar slik at dei kan bidra på ein måte som dei kan vera komfortable med. Kva med å senda klubbmøte digitalt til desse. Me er blitt god på det no.

**Ta vare på kvarandre i denne koronatida og vis omsorg.**

Distriktet har hatt sitt første styremøte og Lions Norge hadde guvernørrådsmøte i helga som var. No til helga er det fagsjefsamling med opplæring på Gardermoen. Då skal Lions Aid Norway ( LAN) ha sitt første styremøte i år. Som de ser så er me godt i gang i både distrikt og sentralt.

#### Presidenttreffet

Då nærmar det seg presidenttreffet som er første helga i september. Det er så kjekt å sjå at mange har meldt seg på. Det er nokre ledige rom på hotellet til dei har gløymt seg ut. For dei som måtte ønskja det, er det fullt mogeleg å vera med på opplæring og foredrag berre om laurdagen. Generalsekretær Hroar Thorsen, skal den dagen ha Lions-opplæring med oss og ikkje minst rapportering i MyLion. Styreleiar i Lions Aid Norway (LAN) , Svein Berntsen, vil orientera om nytt hovudprosjekt som startar opp i Uganda. Astrid Nyquist som er dagleg leiar på Beitostølen Helsesportsenter vil orientera om planane der og "Lions Røde Fjær 2020". Eg har stor tru på at dette blir ei kjekk og lærerik helg. **Gler meg til hyggeleg samvær med andre Lions frå heile distriktet.**

#### Aksjon Libanon

Vips: 617792 - Bankkonto : 9001 23 04381. Merk innbetalinga "Libanon".

Me er alle rysta over den voldsomme eksplosjonen som fann stad 3. august i Libanon sin hovudstad Beirut. Lionsklubbane i Libanon er i gang med hjelpetiltak etter eksplosjonen. Eg vil nok ein gong oppfordra **alle klubbane og alle lionsmedlemmer** i Distriktet om å støtta hjelpearbeidet i Beirut gjennom eit bidrag til Lions Norge sitt katastrofefond. Til no er det kome inn vel 160.000 kroner + dei kr 300.000 som Katastrofefondet gav til aksjonen. Målet er å samla inn mykje, mykje meir.

**Det libanesiske folket treng hjelpa vår - meir enn nokon gong. Hjelp oss å hjelpa dei.**

## **Resurspersonar i Distriktet**

La meg først få presentera styremedlemmane i Distriktet vårt. Eg er så takknemleg og glad for å ha desse flotte og dyktige folka med på laget dette året.

Frå venstre distriktskasserar (DK) Liv Kolle-Holmefjord, distriktsguvernør(DG) Gunnhild Rein Almås, past distriktsguvernør (IPDG) Oddvar Dalane, visedistriktsguvernør 1 ( VDG1) Annette Pemmer, visedistriktsguvernør 2 (VDG2) Jarle Rognstad og til slutt, distriktssekretær (DS) Kjell Framnes.



I tillegg så er det mange flinke og kunnskapsrike medlemmer i Distriktsrådet som er der for å hjelpe og rettleia klubbar som måtte ønskja det. Ta gjerne kontakt med desse om de vil ha besøk av dei på eit klubb- eller sonemøte, eller om de treng råd og hjelp til eit eller anna.

<b>GLT - Terje Berge - LC Odda:</b>	<b>Har ansvar for opplæring</b>
<b>GMT - Jarle Rognstad - LC Sandnes/Riska:</b>	<b>Har ansvar for medlemsverving/pleie</b>
<b>GST - Odd Konrad Dale -LC Sveio:</b>	<b>Koordinator for aktivitetane og prosjekta våre</b>
<b>NAC - Mathias Vikse - LC Sveio:</b>	<b>Førebyggjande ungdomsarbeid</b>
<b>IRC - Lars Tveter - LC Stavanger:</b>	<b>Internasjonalt arbeid</b>
<b>PRC/ITC - Svein Hansen - LC Ulvik:</b>	<b>Informasjonsansvarleg mm</b>
<b>Marwin Hopland -LC Bergen/Bergenhus:</b>	<b>Campaign 100 - koordinator</b>
<b>Odd Konrad Dale- LC Sveio:</b>	<b>Lovkomite - leiar</b>

**Hald deg gjerne oppdatert** med å sjekka <https://www.lions.no/> innimellan og er du ikkje allereie medlem av Facebooksida vår "Lions Distrikt 104C" så må du gjerne bli det. Bruk sida, alle kan leggja inn Lions-aktivitetar der. Det er veldig kjekt å følgja med på alt som skjer i Distriktet vårt.

Ta gjerne kontakt med meg. Eg er stort sett alltid tilgjengeleg på telefon og e-post.

**Beste lionshelsing frå  
Gunnhild Rein Almås  
Distriktsguvernør 104C 2020-2021  
Telefon 90 79 67 47  
c.dg@lions.no**



**We Serve**